

SAK 58-10 SØKKNAD OM TILSKOT, NICE VIEW STUDIO

Saksopplysning

Pål T. Rørby har fremja søknad om tilskot støtte på kr. 75.000,- til eit utviklingsprosjekt som skal resultere i etablering av eit produksjonsselskap (Nice View Studio, heretter NVS) for 3D dataanimert film i Norge. Saman har prosjekteigarane 30 års erfaring innan 3D datagrafikk og animasjon både for eigedom, dataspill, film og datatekniske løysingar, og har i søknaden vist til ei rekkje sentrale produksjonar som resultat (Age of Conan, Anarchy Online m.fl.). I løpet av 2010/2011 er planen at 3-5 personar sit i Hemsedal, med digital base i Aal Stasjon, og arbeidar med dei fremste innan 3D-grafikk og animasjon, i verden. Søkjar har allereie knytt til seg eit nettverk av kompetanse i Hallingdal.

Det blir no arbeidd med planar for ein digital 3D animasjonsfilm (langfilm), der hovudfiguren er "Rampus", eit lite troll frå Haugafolket. Forprosjektet med tanke på presentasjonsmateriale for distributørar utanlands, sponsor, investor og statlege organ som Norsk Film Institutt og Innovasjon Norge, er i slutfasen. Dei største utfordringane fram til etablering av NVS er å få på plass eit godt nok manus med karakterar/ figurar frå handlinga, som gjer det mogeleg å gjere eit forhandssal hjå utanlandske distribusjonsagentar.

Distribusjonsagent i USA (Showcase Entertainment) avventar presentasjonsmapper for innsalg hjå distributørar i USA, Asia og Europa. Her trengs eit fyrsteutkast på manuskript, som etter planen vil vera klart i byrjinga av 2011.

NVS vil i løpet av kort tid plassere ein server hjå Aal Stasjon for å starte utvikling av kommunikasjon og fjernlagringsfunksjonar.

Marknaden vert beskrive som stor, berre ein har dei rette kontaktane gjennom distribusjonsagentar og at kvaliteten er god. Som strategi er søkjar oppteken av å tenke internasjonalt frå fyrste stund. Så langt i prosessen har søkjar allereie på plass historia til Rampus, og 3D- modell av hovudpersonen, med aktuelt 3D- miljø. Fleire figurar og karakterar er teikna, og historia i filmen er påbegynt og oversikt/resyme for filmen si handling blir laga av Bergljot Nordal. Dette underlaget er grunnlag for ein søknad til Norsk Filminstitutt (NFI). Søkjar har vidare hatt fleire møter med Innovasjon Norge og Hallingdal Etablerersenter, noko som mellom anna har resultert i merkevareregistrering hjå Patentstyret.

Samla kostnadsoverslag utgjer kr. 500.000,-. Det er her ikkje teke omsyn til eigeninnsatsen søkjer allereie har brukt på omlag kr. 100.000,-. Forutan tilskot frå Hemsedal kommunen på kr. 200.000, og kr. 75.000 frå Sparebank 1, legg søkjer sjølv inn kr. 100.000,- i eigeninnsats/ egne midlar. I tillegg er det rekna med ei viss støtte frå Norsk Filminstitutt til manusutvikling.

Vurdering

Dagleg leiar har ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere om det er realistisk å gjennomføre eit forprosjekt som omsøkt, innanfor skisserte kostnadsramme. Samtidig er det god grunn til å tru at denne type verksemd er framtidsretta, og det er ein stor marknad for denne type produkt. Men kunnskapen skortar når det gjeld å vurdere kor tilgjengeleg marknaden er, eller kva denne krev av produkta.

Søkjar har allereie dokumentert gründerkompetanse jfr etablering og drift av eige 3D-datagrafikkproduksjon for eigedom, bygg- og anlegg. Ut i frå referansar vert søkjer sin datagrafiske designkompetanse vurdert å liggje i tet også i eit internasjonalt perspektiv.

I samband med bruk av regionale utviklingsmidlar har det vore lagt vekt på at prosjekt/tiltak skal ha ein regional verdi. Det kan stilast spørsmål ved om etablering av eit produksjonsselskap i Hemsedal, for 3D dataaniminert film, er av regional betydning. Dagleg leiar trur at etablering av denne type miljø vil kunne vera av stor verdi for heile Hallingdal. I tillegg til at det blir lagt opp til eit nært samarbeid med personar og fagmiljø i Hallingdal, er det viktig at Hallingdal kan utvikle eit breiare spekter av arbeidsplassar og fagmiljø, enn det som er i dag. Å få etablert denne type kreative produksjonsmiljø, er utan tvil positivt for heile Hallingdal. Ut frå slike vinklingar og ei total vurdering meiner dagleg leiar at tiltaket bør støttast.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 75.000 til Nice View Studio ved Pål T. Rørby, til eit utviklingsprosjekt som skal resultere i etablering av eit produksjonsselskap for 3D dataaniminert film i Hallingdal.

Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

Ål 26.10.2010

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad, prosjektskisse (unnateke offentlegheit)